



Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2347 - 15/21777

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

04.12.2015

Støttekontaktar og avlastarar - feriepengar

Viser til sak 39/15 i Fellesrådet om bortfall av feriepengar til avlastarar og støttekontaktar.

Både tilbod om avlasting og tilbod om støttekontakt er ein del av den tenesteytinga som Meland kommune yter gjennom Meland heimeteneste. Dette er tiltak som er lovheimla i helse- og omsorgstenestelova. Sjølve tildelinga er enkeltvedtak etter forvaltningslova, med dei reglar som gjeld for slike vedtak, t.d. grunngjeving og klagerett.

Det er i utgangspunktet viktig å merkje seg at avlastarar og støttekontaktar kan følgje to ulike løp kva gjeld formell avtale med kommunen, dvs. at lovverket opnar for både arbeidstakaravtale og oppdragsavtale. Grenseoppgangen mellom arbeidstakar og oppdragstakar er regulert gjennom rundskriv frå KS, men også ulike rettsavgjersler og uttaler frå Sivilombodsmannen vil spele ei viktig rolle i høve denne grenseoppgangen. Det må i det enkelte tilfelle gjerast ei heilt konkret vurdering, der kriteria for arbeid eller oppdrag vert sjekka ut.

Særskilt om arbeidstakaromgrepet

Omgrepet er definert gjennom lov, m.a. arbeidsmiljølova. Eit særtrekk ved arbeidsavtalen er arbeidstakar sin avhengige stilling i høve arbeidsgjevar og arbeidsgjevar sin styringsrett i arbeidsforholdet. Arbeidstakaren er normalt økonomisk avhengig som lønsmottakar og står organisatorisk avhengig i eit forhold som inneber underordning i høve arbeidsforholdet.

Kriterium som etter rettspraksis taler for at det ligg føre eit arbeidstakarforhold:

- Arbeidstakaren har plikt til å stille si personlege arbeidskraft til rådvelde og kan ikkje bruke medhjelparar for eiga rekning. Arbeidstakaren har plikt til å underordne seg arbeidsgjevar si leiing og kontroll av arbeidet.
- Arbeidsgjevar stiller til rådvelde arbeidsrom, maskiner, reiskap, arbeidsmaterialar. eller andre hjelpemiddel som er nødvendige for utføring av arbeidet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Arbeidsgjevar ber risikoen for arbeidsresultatet.
- Arbeidstakaren får løn.
- Tilknytingsforholdet mellom partane har ein tilnærma stabil karakter og er oppseieleg med bestemte fristar.
- Det vert i hovudsak jobba for *ein* oppdragsgjevar.

I Meland kommune vil t.d. avlastarar i avlastingsbustad kome inn under arbeidstakaromgrepet. Desse avlastarane har heilt ordinær arbeidsavtale med kommunen og løns- og arbeidsvilkår følgjer av lov- og avtaleverk. Dei opptener t.d. feriepengar.

Også brukarstyrte personlege assistentar er definerte som arbeidstakarar. I Meland kommune er desse tilsett i kommunen, men dei kan i prinsippet også tilsetjast av brukar; då med det ansvar som følgjer av å vere arbeidsgjevar, noko truleg mange brukarar (men ikkje alle) vil finne litt tungt og komplisert.

Kriterium som etter rettspraksis taler for at det ligg føre eit oppdragstakarforhold:

Oppdragstakar er enkeltpersonar som påtar seg å utføre oppdrag utan å vere tilsett som arbeidstakar. Oppdragstakaromgrepet er ikkje regulert i arbeidsmiljølova og fell også utanfor ferielova og Hovudtariffavtalen. Ein oppdragstakar kan imidlertid ha nokre rettar etter folketrygdlova.

Kriterium som kjenneteiknar oppdrag:

- Oppdragstakar har ikkje plikt til å utføre arbeidet personleg. Kan på eige ansvar overlate arbeidet til andre.
- Kan faktisk på eige ansvar tilsetje medhjelparar.
- Påtar seg ein eller fleire bestemte oppgåver hos oppdragsgjevaren.
- Er ikkje forhindra, korkje av avtalen eller arbeidstilhøva, til å ta tilsvarande arbeid hos andre.
- Kan sjølv bestemme arbeidstid, arbeidsplass og metode for utføring av arbeidet, bortsett frå dei innskrenkingar som følgjer av arbeidet sin eigenart.
- Kan nytte eigne reiskap, maskiner m. m. og står sjølv for utgiftene ved utføringa av arbeidet.

I Meland kommune har avlastarar som jobbar i eigen heim oppdragsavtale, men det må gjerast ei konkret vurdering i det enkelte tilfelle for utsjekk av oppdrag vs arbeid. Godtgjersla tilsvarar assistent i kommunen sitt tariffsystem. Alle får kostgodtgjersle etter gitte satsar.

Også støttekontaktar vil i all hovudsak vere oppdragstakarar, men også må det gjerast i konkret vurdering i det enkelte tilfelle.

Feriepengar

Med tilvising til ovannemnde utgreiing vil det vere på det reine at alle som kjem inn under

arbeidstakaromgrepet har rett på feriepengar. På eit tidlegare tidspunkt betalte Meland kommune ut feriepengar også til støttekontaktar med oppdragsavtale, sjølv om dette ikkje var lovheimla. Då kommunen våren 2014 kjøpte tenester frå Lindås kommune på lønsområdet, vart heimetenesta gjort merksam på at feriepengar ikkje var lovpålagt for denne gruppa, og at Lindås kommune ikkje betalte ut feriepengar til sine støttekontaktar.

Noko av bakgrunnen for at Meland hadde betalt ut feriepengar hadde vore at satsane for godtgjersle hadde lege noko lågt, og feriepengar vart difor sett på som ei form for kompensasjon for dette. På same tid vart midlertidig sjølv godtgjersla til støttekontaktane i Meland kommune oppjustert, slik at denne grunngevinga for å oppretthalde ordninga med feriepengar fall bort. Opptening av feriepengar heldt fram ut 2014, og alle som hadde opptening dette året fekk utbetalt summen i juni 2015. Frå 01.01.15 vart det ikkje ny opptening. Alle støttekontaktane vart orienterte om dette.

Det vart også per 13.03.14 utarbeidd retningslinjer for støttekontaktoppdrag, der alle økonomiske tilhøve ved oppdraget kjem tydeleg fram, jf. vedlegg.

Behov, rekruttering og tilgang på støttekontaktar

Det er p.t. ca. 7 personar som ventar på støttekontakt. 2 av desse er nye søknader.

Støttekontaktoppdraga vert utlyste i tilgjengelege kanalar, t.d. aviser, kommunen si heimeside og i sosiale medium. Tenesteområdeleiar opplyser at det kan vere vanskeleg å rekruttere til nokre oppdrag, men at nivå på godtgjersle truleg ikkje er ein avgjerande faktor. Godtgjersla vart regulert for ikkje så lenge sidan.

Med helsing

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Retningslinjer støttekontaktoppdrag

Kopi til:

Britt Hilde Romarheim
Ingvild Hjelmtveit

Mottakere:

Eldrerådet og Råd for menneske
med nedsett funksjonsevne